



# Fylkesmannen i Rogaland

Miljøvernnavdelingen

## SØKNAD OM MUDRING OG UTFYLLING

### 1. Generell informasjon:

- a) Søker                          Navn:                          Omega Areal AS
- Adresse:                      Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg
- Tiltakshaver:              Navn:                          Mittdistrikt Invest AS v/ Sigmund Lunde
- Adresse:                      Bjoavegen 372, 5582 Ølensvåg

- b) Meldingen gjelder              Mudring fra land
- Mudring fra lekter/båt
- Utfylling fra land
- Utfylling fra lekter/båt

- c) Gjelder tiltak i:

Kommune: Vindafjord	
Områdenavn: Ølen	
Gnr: 281	Bnr: 271 m.fl.
Reguleringsformål i reguleringsplan/kommuneplan: Bustader, turveg, naust, småbåtanlegg og småbåthamn (inkl. kai).	

- d) Ansvarlig entreprenør: \_\_\_\_\_ Tveit Maskin AS

**Meldingen skal vedlegges kart i målestokk 1:50.000 (oversikt) og 1:1000 med inntegnet areal (lengde og bredde) på området som skal mudres og/eller området der masser skal fylles ut, eventuelle prøvetakingspunkter skal avmerkes på 1:1000 kartet.**

**Legg også ved fotografier, dette gir en god beskrivelse av forholdene på stedet.**

**2. Beskrivelse av tiltaket ved mudring og/eller utfylling:**a) Angi dybde på mudringsstedet/utfyllingsstedet: 0.1 – 0.3 m.

b) Formål med tiltaket

Vedlikeholdsmudring (oppgi når det sist ble mudret)	<input type="checkbox"/>
1. gangsmudring	<input type="checkbox"/>
Egen brygge/båtplass	<input type="checkbox"/>
Brygge/småbåthavn for flere	<input checked="" type="checkbox"/>
Infrastruktur/kaier/havner	<input checked="" type="checkbox"/>
Legging av kabel	<input type="checkbox"/>
Annet (forklar)	<input type="checkbox"/>

c) Beregnet mengde masser som skal mudres og/eller utfylles:

Mudring: 920 m<sup>3</sup>  
 Utfylling: 1650 m<sup>3</sup>

Anslå eventuell usikkerhet: \_\_\_\_\_ m<sup>3</sup>e) Beregnet areal som blir berørt: 1215 m<sup>2</sup>Anslå eventuell usikkerhet: \_\_\_\_\_ m<sup>2</sup>f) Hvor dypt skal det mudres: 0.2 - 2.0 mg) Angi mudrings-/utfyllingsmetode, kort beskrivelse og begrunnelse:  
(f.eks. graving, gravemaskin, grabbmudring, sugemudring)

Det er snakk om eit totalt behov for mudring på 920 m<sup>3</sup>, frå 0.2m til 2.0m. Det skal mudrast ned til fast fjell/ ev. faste massar (sjå vedlagt profil, teikningsnr. 201). Det skal deretter fyllast ut/ murast opp tørrmur. For oppføring av tørrmuren er det planlagt å nytte sprengmassar frå steinbrotet på Fikse, ca. 6km frå tiltaksområdet.

Alt arbeid vert føreteke med bruk av gravemaskin. Djupna ned til fast fjell/ massar er vurdert på staden med bruk av stong, og syner med brun stipla line på vedlagt profil.

Det skal berre mudrast under og like framfor planlagt kaifront for å hindre seinare utsiging. Kaien vert deretter nytta som turveg, og delvis til oppføring av bustader i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Føremålet med mudringa er å finne fast fjell/ massar før arbeid med tørrmuring vert sett i gong. Muddermassar skal nyttast som del av fyllinga bak tørrmuren.

h) Planlagte avbøtende tiltak for å hindre/reduere partikkelspredning<sup>1</sup>:

Nei.

i) Angi et tidsintervall for når tiltaket planlegges gjennomført

I løpet av året 2016.

j) Hvilke eiendommer kan bli berørt av mudringen/utfyllingen/dumpingen:

Eier:	Gnr.:	Bnr.:
Ove Arild Christiansen	281	37, 103
Mittdistrikt Invest AS	281	207, 270, 271, 243
Anne Kristine Bratten m.fl.	281	20, 206
Vindafjord kommune	281	21

*Dersom mudringen/dumpingen går inn på annen persons eiendom bør det vedlegges skriftlig godkjenning fra eieren om at arbeidet tillates utført.*

***Tilgrensende eiendommer regnes som berørte.***

### **3. Lokale forhold:**

Beskriv ( gjerne på et eget ark) forholdene på lokaliteten og områdene i nærheten mht. **Faglig dokumentasjon på naturtyper på land og i sjø for området kan kreves.**

- Naturforhold: bunnforhold, dybdeforhold, strøm og tidevann, biologi etc.
- Viktige områder for biologisk mangfold (kommunen har tilgjengelig informasjon), tilknytning til verneområde etc.
- Områdets og tiltakets betydning for rekreasjon/friluftsjinteresser, kommersielt fiske, sportsfiske etc.
- Gyte- og oppvekstområder for fisk
- Eventuelle kjente kulturminner i området
- Er du kjent med om det ligger kjente rør, kabler eller andre konstruksjoner på bunnen i området? (Merk evt. av på kartet som legges ved.)

Sjå vedlagt vurderingsdokument.

<sup>1 1</sup> Avbøtende tiltak kan være bruk av siltgardin og/eller fiberduk med overdekking på sjøbunnen. Det må videre orienteres om hvordan overvåkingen skal foregå.

#### **4. Opplysninger om mulig fare for forurensning:**

- a) Beskriv lokaliteten/forholdene ved lokaliteten mht. forurensningstilstand samt aktive og/eller historiske forurensningskilder (f.eks. slipp, kommunalt avløp, småbåthavn, industrivirksomhet etc.).

Område for utfylling ligg på ein banke, tidlegare del av utlaupet til Oselva i aust. Tiltaket kan sjåast på som ei forlenging av eksisterande småbåthamn som grensar i vest, og som har plass til 55 småbåtar. Viser til vedlegg om pkt. 3 lokale høve med bl.a. ortofoto over området. Lokalt er det ikkje kjend med andre ureiningskjelder.

Generelt kan det nemnast at tiltaksområdet ligg i Ølsfjorden, som vert trafikkert og nytta av industriverksemdar. Det er bl.a. kjend at Ølsfjorden har ureina botnsediment grunna utslepp frå industrien. Viser til rapporten «Vassområde Sunnhordland» frå januar 2014, der bl.a. Ølsfjorden er omtalt.

Tiltaksområdet ligg likevel på den søraustlege delen av Ølsfjorden, der området ved fjæra ligg over vassnivået (sjå vedlagt foto). Føremålet med utfyllinga er å opparbeide ein tilgjengeleg og estetisk tiltalende kaifront med tilhøyrande turveg på fyllinga langs sjø. Den naudsynte mudringa er for å hindre utsiging av fyllinga i ettertid.

Tiltaket ligg i grensa mellom lite og mellomstort tiltak, ca. 1215m<sup>2</sup> og 1650m<sup>3</sup>. Med bakgrunn i omsøkt tiltak og metode over, ber vi om ei særskilt vurdering om det i det heile er behov for, eller naudsynt med å føreta sedimentprøvar for vurdering av mogeleg ureining for omsøkte arbeid.

Beskrivelse av sedimentene:

Sedimentane er finkorna og ligg på delar av mudderbanken som er vorte til over tid grunna utlaupet til Oselva i aust. Nivå for fast fjell/ massar ligg omtrent 2 meter under fyllingstoppen.

- b) Foreligger analyser av miljøgifter i bunnsedimentene i nærområdet?. (Legg ved eventuelle analyseresultater).

Nei.

**5. Disponering av sedimentene/oppgravde masser:**

Hvordan skal sedimentene/massene (inkl. stein) disponeres:

- Deponering i strandkantdeponi
- Rensing/behandling
- Godkjent avfallsdeponi på land
- Annet (forklar)

Deponerast som del av fylling bak tørrmur.

---

Kort beskrivelse av planlagt disponeringsløsning (evt. på eget ark):

Mudringsmassane som vert teken opp skal nyttast vidare på staden, som del av fyllmasse bak planlagt tørrmur.

---

**6. Behandling av andre myndigheter:**

**NB!**

**Vær oppmerksom på at denne typen saker er regulert av flere regelverk og myndigheter (se under). Disse må kontaktes på et tidlig tidspunkt for å avklare behov for eventuelle uttalelser eller tillatelser.**

Kystverket, Postboks 1502, 6025 Ålesund  
Til aktuell kommune v/plan- og bygningsmyndighet  
Til aktuell kommune v/havnemyndighet

**Fylkesmannen gir ikke tillatelser til arbeider i sjø før det avklart at tiltaket er innenfor rammen av gjeldende reguleringsbestemmelser.**

Ølensvåg, 11.03.16  
Sted og dato

 Elisabeth Jorde  
Underskrift

telefon 97 54 00 00  
org.nr. 986 930 264  
omegaareal.no

Fyrste gongs innsending: 29.02.2016  
Revidert utgåve: 11.03.2016















## Masserapport

Prosjekt fil:  
Prosjekt info.:

Fylling\_02.efi  
Fylling from +1.3m og ned til antatt fjell.

NS3420	Beskrivelse	Massetyp	Beregningstype:	Fast masse	Enhet:	Skalering	Total skalert:	Konverte	Total skalert og	Konve	Korr. faktor
F32	Graving av groper og renner	1: Skjæring	Volum	0,569	m3	1,00	0,569	1,00	0,569	m3	0,999921
F41	Masseflytting	6: Fylling	Volum	1647,009	m3	1,00	1647,009	1,00	1647,009	m3	0,999921
F52	Avretting	7: Avretting	Areal horisontal	1071,217	m2	1,00	1071,217	1,00	1071,217	m2	0,999911
Fyllingsskråninger	Fyllingsskråninger	8: Fyllingss	Areal horisontal	122,001	m2	1,00	122,001	1,00	122,001	m2	1,000011
F11	Vegetasjonsrydding	10: Vegeta	Areal horisontal	1519,523	m2	1,00	1519,523	1,00	1519,523	m2	0,999974

## Lagnavn

Gemini Teoretisk 0: Overflate



## Masserapport

Prosjekt fil:  
Prosjekt info.:

Mudring\_02.efi  
Mudring frå kote +0.2m ved kystkontur i kartgrunnlag og ned til -2.0m, 1.5m nord for tørrmur.

NS3420	Beskrivelse	Massetype-ID:	Beregningstype:	Fast masse	Enhet:	Skalering	Total skalert:	Konverte	Total skalert og	Konve	Korr. faktor
F32	Graving av groper og renner	1: Skjæring jord	Volum	918,578	m3	1,00	918,578	1,00	918,578	m3	1,000980
F41	Masseflytting	6: Fylling	Volum	5,570	m3	1,00	5,570	1,00	5,570	m3	1,000980
F52	Avretting	7: Avretting	Areal horisontal	750,723	m2	1,00	750,723	1,00	750,723	m2	0,999465
Fyllingsskråninger	Fyllingsskråninger	8: Fyllingsskråninger	Areal horisontal	1,946	m2	1,00	1,946	1,00	1,946	m2	1,004395
F11	Vegetasjonsrydding	10: Vegetasjonsrydding	Areal horisontal	1424,823	m2	1,00	1424,823	1,00	1424,823	m2	0,999964

## Lagnavn

Gemini Teoretisk 0: Overflate

# Vedlegg - Søknad om mudring og utfylling

Dato: 26.02.2016

Målestokk: 1:50000



## Vedlegg til søknad om mudring og utfylling i Vindafjord kommune

### Pkt. 3. Lokale høve

Skildring av høva på lokaliteten og i nærliggjande området.

#### a) Naturtilhøve: Botnhøve, djupne, straum og tidevatn, biologi etc.

Ølsfjorden er ein beskytta fjord med moderat opphaldstid for botnvatn, og med svak straumhastigheit, jf. vann-nett.no. Fjorden vert i stor grad påverka av utslepp og avrenning frå industri, og i middels grad frå reinseanlegg. Den økologiske tilstanden vert dermed klassifisert som dårleg med høg pålitelighetsgrad i vann-nett.no sin database.

Tiltaksområdet ligg skjerna til mellom ei småbåthamn i vest og ein holme i aust, lokalisert sør i Ølsfjorden på delar av ein mudderbank som er vorte til over tid grunna utlaupet til Oselva lenger aust. Mudderbanken har finkorna botnsediment der nivå for fast fjell/ massar ligg omtrent 2 meter under omsøkt fyllingstopp. Ved fjære ligg større delar av mudderbanken over vassnivået (sjå vedlagt foto).

Føremålet med utfyllinga er å opparbeide ein tilgjengeleg og estetisk tiltalande kaifront med tilhøyrande turveg på fyllinga langs strandlina. Den naudsynte mudringa er for å hindre utsiging av fyllinga i ettertid.



Ortofoto. Område for omsøkte tiltak markert med raud ring. Kjelde: [www.norgebilder.no](http://www.norgebilder.no)

**b) Viktige område for biologisk mangfald, tilknytning til verneområde etc.**

Det er gjort søk i kartdatabasane til Artsdatabanken (artskart.artsdatabanken.no), Fiskeridirektoratet (kart.fiskeridir.no) og Miljødirektoratet (miljostaus.no/kart).

Registrerte funn:

Ølsfjorden ligg saman med Etnefjorden som del av datasettet for nasjonale laksefjordar frå 2007. Desse vart oppretta for å gi eit utval av dei viktigaste laksebestandane i Noreg ein særleg beskyttelse mot inngrep og aktivitetar i vassdrag og mot oppdrettsverksemd i nærliggjande fjord- og kystområde. Lokalt sett vil ikkje omsøkt tiltak med oppføring av kaifront mot sjø i samsvar med gjeldande detaljregulering ha innverknad på laksebestanden.

Den midste delen av Ølsfjorden ligg i kartdatabasen til Fiskeridirektoratet med registrert middels viktig gytefelt for torsk, samt tre lokalitetar innan kartlaget «gyteområde», utan nærare skildring. Ut i frå omfang på kartdata vert ikkje desse råka av omsøkte tiltak.

Miljøstatus.no/kart syner utbreiingsområde for fiskeartane brosme, kolmule, lange, makrell, nordsjøsild, nordsjøtorsk, tobis, vanleg uer, øyepål, og sjøpattedyret steinkobbe i Ølsfjorden, samt gyldigheitsområde for nise. I tillegg ligg fjorden med registrert oppvekstområde for norsjøsei og beiteområde for norsk vårgytande sild.

Vurdering av funn:

Detaljgraden på desse kartdataene er varierende, og det er sannsynleg at dei registrerte funna har større/mindre utbreiing enn dei definerte grensene i kartet. Med lokale høve og omfanget av omsøkte tiltak til grunn, er det lite sannsynleg at opparbeidinga av kaifronten i tiltaksområdet vil ha påverknad på dei registrerte funna.

Det er ikkje gjort funn av andre viktige område for biologisk mangfald, verneområde, marine naturtypar eller andre omsyn knytt til naturmangfald som kan verte påverka av omsøkte tiltak.

**c) Området og tiltaket si tyding for rekreasjon/ friluftssinteresser, kommersielt fiske, sportsfiske etc.**

Området ligg i gjeldande detaljregulering med bl.a. føremål for bustader og turveg, der omsøkt fylling vil kunne leggje til rette for slik utbygging. Turvegen vil styrke tilgjenginga langs sjø frå eksisterande småbåthamn i vest og mot holmen i aust.

Det er ikkje kjent med interesser knytt til fiske i område for omsøkte tiltak.

**d) Gyte- og oppvekstområde for fisk.**

Med utgangspunkt i registrerte kartlag i Fiskeridirektoratet sin kartdatabase vil ikkje område for omsøkte tiltak verke inn på fiskeartar eller gyte- og oppvekstområde som er registrert i Ølsfjorden elles.

**e) Eventuelle kjende kulturminne i området.**

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller SEFRAK- registrerte bygningar i området, jf. kulturminnesok.no.

**f) Er du kjend med om det ligg røyr, kablar eller andre konstruksjonar på botn i området? (Merk ev. av på kartet som vert lagt ved).**

Nei.

Omega Areal as  
29.02.2016

HOH.

10

0

-10

0

Eksisterende terreng fra kartgrunnlag

Duk ca ved kote +0.5

Massar

Grov steinmasse

4.0m  
Turveg/kai

Asfalt

Støpt avslutning/topplate

Maskinmurt tørrmur

Innmålt sjøbotn

Illustrert område for mudring

Illustrert Fjell  
Dybde ikkje innmålt

Kai/murfront føres ned  
til fjell evt. faste massar

REV.	ANT.	REVIDERING GJELDER	SIGN.	DATO
------	------	--------------------	-------	------



Mitt Distrikt AS  
 Ølen  
 Vindafjord  
 Profil Kaifront - Prinsipp

Anbudstegning


TEGNET	TWP
KONTR.	
MÅL	1:100
DATO	30.01.14

SAK NR.	TEGN NR.	REV.
	201	

PROFIL NR.	0.00
TERRENG H.	1.40

0.90





	Areal	Massar
Mudring	750 m <sup>2</sup>	920 m <sup>3</sup>
Maskinmurt tørrmur	185 m <sup>2</sup>	
Turveg	185 m <sup>2</sup>	
Tomteområde	705 m <sup>2</sup>	
<b>Totalt utfyllt (tørrmur + turveg + tomteområde):</b>	<b>1 075 m<sup>2</sup></b>	<b>1650 m<sup>3</sup></b>

- SKISSEPROSJEKT
- BYGGEMELDING
- ANBUDSTEGNING
- ARBEIDSTEGNING

REV.	REVIDERINGEN GJELDER	SIGN.	DATO
------	----------------------	-------	------

**Anbudstegning** Byggherre: Mitt Distrikt AS G.NR. 281 B.NR. 207 m.fl  
 Kaifront - Prinsipp Byggeadr. Ølen KOMMUNE: Vindafjord



TEGN. TWP	PROSJ.NR.
GODKJ.	OlenBaathavn
MÅL 1 : 500	TEGN. NR.
DATO 26.02.2016	910

TEGNINGEN MÅ HVERKEN HELT ELLER DELVIS KOPIERES ELLER BENYTTES VED UTFØRELSE AV ARBEIDER SOM Omega Areal as IKKE MEDVIRKER I.

# Detaljregulering for Ølen båthamn, Vindafjord

Det regulerte området er vist med reguleringsgrense. Innanfor det regulerte området skal arealbruken vere som vist på plankartet. Desse føresegnene utgjer saman med plankart for Ølen båthamn, dagsett 20.03.2013, detaljreguleringsplan for området.

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for ålmenn ferdsle i eit grøntområde langs sjøen, vidare utbygging av eksisterande båthamn, utbygging av småbåtanlegg med tilhøyrande strandsone, samt ivaretaking av eksisterande naust. Det er også sett av eit mindre areal til parkering.

## **§1 Arealet innafor plangrensa har følgjande føremål i samsvar med Pbl § 12-5: Areal (m<sup>2</sup>)**

### I. Bygningar og anlegg

- Bustadområde, BB1, BB2
- Naust, N1, N2
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, kai BA1, hamnebasseng BA2, molo M1

### II. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

- Parkeringsplassar, P1, P2

### III. Grønstruktur

- Friområde, F1, F2, F3
- Turveg, T1

### IV. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

- Småbåthamn SM1, flytebyggjer FB1, FB2 (eksisterande), FB3, FB4, FB5, kai H1 (eksisterande), H2 (eksisterande), H3, molo M2 (eksisterande), M3, M4, M5

## **§2 Bygningar og anlegg**

### **2.1 Bustadområde**

- 2.1.1 BB1 inngår i byggjeområde for bustadar på gnr 281 bnr. Byggjegrensa mot sjøen er sett i tilgrensande reguleringsplan. Det kan såleis ikkje byggjast innafor BB1. Tilsvarande kan det ikkje byggjast på BB2, då byggjegrensa mot sjøen er sett i tilgrensande reguleringsplan.

## **2.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone - kai/molo**

- 2.2.1 Innanfor området kan det byggjast tosidig kai frå land (BA1) og rundt skjeret (F2) som vist på plankartet. Kaifront skal vera i naturstein eller betong forblenda med fenderverk i tre. Fylling på skjeret (F2) er ikkje tillate med mindre fyllinga blir forblenda mot sjøsida med mur eller fenderverk i tre, j.fr. 4.4.1.

Det kan byggjast molo M1 mellom holmen og skvalpeskeret (F3). Moloen kan byggjast så høg og så langt ut på skvalpeskeret som nødvendig for å gi skjerma hamna på innsida. Moloen skal førast opp i mura stein eller i betong.

Dimensjonering av kaiar og blendingsmurar skal dokumenterast ved søknad om tiltak.

- 2.2.2 I hamnebasenget BA2 er det tillate å leggja ut fortøyingar og innretningar for ombord- og ilandstiging av båtar. Det er ikkje tillate å stengja meir enn ein tredel av seglingsleia.

## **2.3 Naust**

- 2.3.1 Eksisterande naust N1 kan rehabiliterast / byggjast opp att med same plassering og med tilsvarande høgde, møneretning, takvinkel og ytre mål : Topp grunnmur kote +2, gesimshøgd 5.6 m, mønehøgd 9.5 m og grunnflate på 9 m x 10.80 m.
- 2.3.2 Eksisterande privat naust N2 kan rehabiliterast / byggjast opp att med same plassering og med tilsvarande høgde, møneretning, takvinkel og ytre mål: Topp grunnmur kote +2,0, gesimshøgd 2,0 m, mønehøgd 3,7 m og grunnflate 5,0 m x 7,0 m.

Alternativt kan privat naust N2 erstattast med inntil 2 nye naust. Nausta kan ha maksimalt 40 m<sup>2</sup> BYA, topp grunnmur kote +2,0, ein etasje, maks gesimshøgde 2,5 meter og saltak med takvinkel 30-40 grader. Vindauge/glasareal på nye naust skal ikkje utgjera meir enn 0,9 m<sup>2</sup> pr naust. Overkant golv skal ikkje liggja lågare enn kote + 2.0 moh. Alt elektrisk utstyr skal liggja over kote +2.5 moh.

- 2.3.3 Naust (N1 og N2) skal i materialval, taktekking, utforming og fargeval ha løysingar som for tradisjonelle naust. Bygningane skal ikkje utstyrast med staffasje som ikkje tradisjonelt høyrer til på naust, slik som balkong, ark, karnapp, rekkverk og liknande. Ledd- eller vippeporter skal ikkje nyttast.
- 2.3.4 Naust N1 og N2 skal ikkje innreist til hytte- eller bustadføremål.
- 2.3.5 Areal utanfor nausta skal utformast slik at ålmenta har tilgang til områda.

### **§3 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**

#### **3.1 Parkering**

- 3.1.1 Parkeringsplassar P1 og P2 skal vera ein del av offentleg parkeringsplass ved kulturhuset.

### **§4 Grønstruktur**

- 4.1.1 Område F1 skal tilplantast og fungera som del av ei sone for fri ferdsle langs sjøen. Vegetasjonen på område F2 skal om mogeleg takast vare på, j.fr. 2.2.1.
- 4.1.2 Skvalpeskjeret (F3) kan brukast som fundament for molo M1. Det er tillate å setja opp seglingsmerke, evt. med lys godkjent av hamnestyremaktene.
- 4.1.3 Turvegen T1 skal ha ei asfaltert breidde på 3.0 m.

### **§5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone**

#### **5.1 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag**

- 5.1.1 Området skal nyttast til småbåthamn. Eksisterande molo M2 kan forlengjast (M3) med same breidde og byggjemåte som for eksisterande molo. Det kan etablerast kaifront på begge sider av moloen for etablering av båtplassar.

Det kan byggjast fyllingsmolo M4 tilsvarande eksisterande molo M2, med kaifront på austsida for etablering av båtplassar.

Det kan etablerast fyllingsmolo M5 tilsvarande eksisterande molo M2 med kaifront på begge sider for etablering av båtplassar.

Det kan leggjast ut flytebyggjer FB1, FB2, FB3, FB4 og FB5 som vist på plankartet. FB5 skal vere universelt utforma.

Det skal byggjast plass for opptrekk og utsetting av båtar (B1). Denne skal vera tilgjengeleg for alle, eventuelt mot betaling.

- 5.1.2 Båthamna skal prosjekterast og dimensjonerast for å tola påkjenning frå vind og bølger. Sikkerheitsklasse F2 og 200-årsbølgje skal leggjast til grunn.

Det må leggjast fram dokumentasjon på at båthamna er planlagt og dimensjonert av personell med tilstrekkeleg kompetanse innan fagfeltet.

Dokumentasjonskravet gjeld og for personell som skal leggja ut flytebyggjer.

## **§6 Fellesføresegner**

- 6.1 Bygningar og uteareal skal gjennom formspråk, materialbruk, terrengtilpassing og planting utformast med sikte på å etablere ein overordna visuell heilskap innanfor planområdet og i høve til omgivnadane.
- 6.2 Det er ikkje tillate å setje opp gjerde som er til hinder for fri ferdsel langs sjøen.
- 6.3 Om det blir gjort funn av freda gjenstandar eller konstruksjonar under arbeidet med tiltak i planområdet, må arbeidet straks stoggast og rette kulturminnestyresmakt varslast for nærmare gransking, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.
- 6.4 Tiltak som kaiar, flytebyggjer, utfyllingar, sjøleidningar m.m. krev løyve av hamnemynde i tillegg til løyve etter plan- og bygningslova, jfr. hamne- og farvasslova.
- 6.5 Ved utfylling og mudring i sjø skal det innhentast løyve etter forureiningsforskrifta kap. 22, om mudring og dumping.

## **§ 7 Rekkjefølgjekrav**

- 7.1 Flytebyggje FB1 og småbåtanlegg BA1 og BA2 kan ikkje takast i bruk før det er etablert flytebyggje FB5, båttopptrekk B1, turveg T1 og friområde F1 er opparbeidd og gjort allment tilgjengeleg.
- 7.2 Utfylling av molo M4 kan ikkje starta opp før utfyllinga av molo M3 er gjort ferdig.

**14.08.13**

N 6612300

E 319950

E 320100

E 320250

E 320400

N 6612300

Osen

**TEIKNFORKLARING**

**Bygninger og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)**

- Bustader
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (M1, BA1, BA2)
- Uthus/naust/badehus (N1, N2)

**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)**

- Parkering

**Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)**

- Turveg (T1)
- Friområde (F1-F3)

**Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)**

- Småbåthamn (B1, FB1-FB4, H1-H3, M2-M5, SM1)

**Felles for PBL 1985 og 2008**

- Planen si avgrensning
- Formålsgrense
- Eiegdomsgrense som skal opphevast
- Planlagt busetnad
- Bygninger som inngår i planen


**Eigarform**

- f Felles
- o Offentleg

REVIDERT	DATO	SIGN.

Kartmålestokk 1:1500

Utskriftsformat A3



**DETALJREGULERING FOR  
ØLEN BÅTHAMN**

Vindafjord Kommune

SAKSHANDSAMING JFR. PLAN- OG BYGNINGSLOVA	SAKS- NR.	DATO
<b>Vedtak i kommunestyret:</b>	<b>053/13</b>	<b>10.09.13</b>
2. gangs handsaming	076/13	27.08.13
Offentleg ettersyn frå/ til		19.04.13/01.06.13
1. gangs handsaming	034/13	09.04.13
Kunngjering av oppstart av planarbeidet		19.12.11
<b>PLANEN UTARBEIDA AV:</b> <b>Omega areal</b>	<b>PLANNR.</b>	<b>TEGNNR.</b>
<b>Dato: 20.03.13</b>	1160-13-02	

